
Fra: Åshild Blomdal <ashild@abo-ark.no>
Sendt: tirsdag 28. februar 2017 10.33
Til: Kjersti Møllerup Subba
Kopi: brm@markhusbygg.no; Bjørn Atle Drange
Emne: VS: Gjeld reguleringsplan - GBnr 10/85 Holme - Meland kommune

Hei

NVE har meldt tilbake at dei ikkje tek stilling til om endringane som er gjort i planen er tilfredstillande i forhold til deira merknad og viser til at det er opp til Meland kommune å vurdere saka vidare.

Eg har i dag sendt komplett revidert plan til tiltakshavar for gjennomsyn – sender planen inn når han har godkjent denne.

Med helsing

Åshild Blomdal

Arealplanleggar
99 76 97 16



Hamnevegen 53
Pb.291
5203 OS

ashild@abo-ark.no

www.abo-ark.no

Fra: Otnes Toralf [<mailto:toot@nve.no>]
Sendt: 28. februar 2017 08:03
Til: Åshild Blomdal
Emne: Gjeld reguleringsplan - GBnr 10/85 Holme - Meland kommune

Hei

NVE gav merknad til reguleringsplanen i brev datert 08.12.2016, og utdjupa denne i epost 09.02.2017. Vi held fast på desse merknadane. Det vert no opp til Meland kommune å avgjere i kva grad våre merknadar skal følgjast opp.

Med helsing

Toralf Otnes

Senioringeniør
Avdeling: Skred- og vassdragsavdelinga
Seksjon: Region vest

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE)

Telefon: 22 95 95 27/95 87 50 35

E-post: toot@nve.no

Web: www.nve.no



Fra: Åshild Blomdal [<mailto:ashild@abo-ark.no>]

Sendt: 15. februar 2017 13:21

Til: Otnes Toralf <toot@nve.no>

Kopi: brm@markhusbygg.no; Bjørn Atle Drange <bjorn-atle@abo-ark.no>

Emne: SV: Gjeld reguleringsplan - GBnr 10/85 Holme - Meland kommune

Hei

Viser til tidlegare dialog i denne saka.

Vi har revidert planen ved å legge inn flomsone i plankartet og ta inn nye føresegner med rekkefølgekrav.

Vi har sett krav om kapasitetsvurdering før det vert gjeve igangsettingsløyve – sjå pkt 3.4.1. Gjennomføring av avbøtande tiltak er knytt til bruksløyve, sjå pkt 3.3.1.

Er desse endringane tilfredsstillande i høve til NVE sin merknad til planen?

Med helsing

Åshild Blomdal

Arealplanleggar

99 76 97 16



Hamnevegen 53

Pb.291

5203 OS

ashild@abo-ark.no

www.abo-ark.no

Fra: Otnes Toralf [<mailto:toot@nve.no>]
Sendt: 9. februar 2017 14:56
Til: Åshild Blomdal
Emne: Gjeld reguleringsplan - GBnr 10/85 Holme - Meland kommune

Hei

Dersom det er slik at vatnet ved flaum (200 års flaum) hopar seg opp i område BKT3 og kan fløyme over og inn mot eksisterande bygg i planområdet så er det pr definisjon eit fareområde Flaum (alt areal som vert overfløymd) som skal markerast som omsynssone H320. Til denne omsynssona kan ein knyte føresegn, som t.d. ei rekkefølgeføresegn som sikrar sikringstiltak før utbygging.

Slik eg tolkar det du skriv så ligg vegen (terskelen) høgare enn næringsområdet (ca 1,5 m). Dersom kapasiteten er for dårleg i kulverten og flaumen varer lenge nok er det difor ei relevant problemstilling at vatn kan stige dei 4 m frå myrområdet til næringsområdet. Det er ikkje nok å sei at risikoen er liten og at det ikkje er naudsynt med ein kapasitetsvurdering av kulverten. Enten er sannsynet lågare enn TEK10 sitt krav (200 års flaum) eller så er sannsynet større enn TEK10 sitt krav. Kapasiteten i kulverten kan reknast på og dette kan dokumenterast av fagkyndige. Er sannsynet større må det settast i verk tiltak som tek sannsynet ned til akseptabelt nivå, jf. TEK10.

Med helsing

Toralf Otnes
Senioringeniør
Avdeling: Skred- og vassdragsavdelinga
Seksjon: Region vest

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE)
Telefon: 22 95 95 27/95 87 50 35
E-post: toot@nve.no
Web: www.nve.no



Fra: Åshild Blomdal [<mailto:ashild@abo-ark.no>]
Sendt: 2. februar 2017 17:18
Til: NVE <NVE@nve.no>
Kopi: Bjørn Atle Drange <bjorn-atle@abo-ark.no>; brm@markhusbygg.no
Emne: Reguleringsplan Holme, Meland kommune

Sendt fra min Samsung Galaxy-smarttelefon.

Hei

Viser til uttale datert 08.12.2016 til offentlig ettersyn av detaljreguleringsplan for Holme forretningsområde – Gnr. /Bnr 10/85 mfl - Meland kommune. Det vert i uttalen bedt om at flomfaren vert følgt betre opp i planen. Vi ynskjer å få avklart innhaldet i denne merknaden med dykk før vi sender planen inn til Meland kommune for 2. gangs behandling.

Flaumfaren i området knyter seg til sidebekk frå Holmeelva som går i røyr gjennom planområdet. Opphoping av vatn her (område BKT3 i plankartet) kan flaume over og inn mot eksisterande bygg i planområdet. Då det skal etablerast undergang innanfor planområdet må det etablerast eit nytt overvasssystem for å hindre at vatnet samlar seg i undergangen. Dette vil bli handtert i det vidare arbeidet med prosjektering av undergangen.

Vi ynskjer difor å få vurdert eit rekkefølgekrav der denne problemstillinga vert omtalt. Føresegna vil stille krav til gjennomføring av avbøtande tiltak mot flaumfaren med tilhøyrande dokumentasjon av at desse tiltaka vil gje tilstrekkeleg tryggleik mot flaum. Vi ser da for oss å vise område BKT3 som eit føresegnsområde (#) for å tydeleggjere kvar opphopinga av overvatn kan oppstå.

Vil NVE kunne akseptere dette som ei løysing på dykkar merknad?

Vidare i dykkar uttale står det:

Holmeelva renn gjennom eit myrområde vest for planområdet, og vidare i røyr/kulvert gjennom Fv 564. Slik vi tolkar kartet vil for liten kapasitet i røyret/kulverten gjennom fylkesvegen føre til vasstandsstiging i myrområdet. I verste fall må vatnet renne over fylkesvegen. Det er vanskeleg for oss å vurdere om planområdet ligg lågare enn den terskelen som veggen då vil utgjere. Dersom dette scenarioet ikkje er vurdert oppmodar vi Meland kommune om å gjere ei slik vurdering. Ligg planområdet lågare enn veggen bør det gjennomførast ei kapasitetsvurdering av kulverten. I denne kapasitetsvurderinga bør 200 års flaum med 20% klimapåslag leggast til grunn, og ein må og vurdere faren for tilstopping.

Som foto under viser er det fleire meter høgdeforskjell frå kulvert til fylkesvegen. Myrområdet vest for forretningsområde ligg på om lag kote +26. Det lågaste punktet på fylkesvegen er der kulverten går under veggen på nordsida. Her er nivået + 31, 5 meter over myrnivået. Forretningsbygget ligg på kote + 30 eller høgare. Kulverten har ein dimensjon på 2,5 meter i diameter. Ved ein eventuell flomsituasjon tilseier høgdeskilanden på 4 meter mellom myrområdet og forretningsområdet at risikoen for at det flaumer over ved manglande kapasitet er liten og at det difor ikkje er naudsynt med ei kapasitetsvurdering av kulverten under fylkesvegen.







Figur 2 Innløp kulvert ved myra nord for fylkesvegen (bilde tv) og utløp kulvert som går under fylkesvegen t(bilde i midten). Det siste bilde viser utløp vest for planområdet.

Med helsing

Åshild Blomdal

Arealplanleggar

99 76 97 16



Hamnevegen 53

Pb.291

5203 OS

ashild@abo-ark.no

www.abo-ark.no